



*Måne og sol, vindar og hav og blomar og born skapte vår Gud. Himmel og jord, allting er hans, Herren vår Gud vil vi takka. Herre, vi takkar deg, Herre, vi prisar deg, Herre, vi lovsyng ditt heilage namn! (NS 943)*

Nr. 2

61. årgang

Sommer 2020



## Den Heilage Ande

Igjen sa han til dei: «Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.». Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande! Slik står det i evangeliet etter Johannes 20, 21-22, og Jesus førebur her disiplane på at Den heilage ande skal koma i pinsa. Så, i Apostelgjerningane (kap. 2) får

vi høyre om kva som hende då Anden kom dit disiplane var samla

«Brått lét det frå himmelen som når ein sterk vind blæs, og lyden fylte heile huset dei sat i. Tunger, liksom av eld, synt seg for dei, skilde seg og sette seg på kvar og ein av dei. Då vart dei alle

fylte av Den heilage ande og tok til å tala på andre språk etter som Anden gav dei å forkynna».

Dette er dramatiske forteljingar, og det er ikkje heilt enkelt å forstå kva det er Den heilage ande er og gjer. På mange måtar er det kanskje salmediktarane

som best har klart å visualisere dette for oss, slik som i den folkekjære salmen «Måne og sol» vers 3;

«Ånden, vår trøst, levende varm og hellig og sterk, taler om Gud, bærer oss frem dag etter dag. Herren vår Gud vil vi takke»

Dette verset kjenner eg gir styrke og trøyst inn i den tida vi har no. At Guds ord er noko levande, noko som held og ber (kan bera) oss gjennom alle dagar er ein bodskap som ikkje kan seiast for ofte. Den heilage ande knyter oss saman - på tvers av landegrensar, generasjonar og livssituasjon. Anden er levande og varm, heilag og sterk. Dagane vi opplever no er rare, med mange heilagdagstradisjonar som må endrast. Men pinsa sin bodskap er framleis den same. Jesus let ikke menneska vera aleine, sjøl etter sin himmelfart. Nei, evangeliet er framleis verksamt, og Gud er oss nær oss, midt i det vi opplever å stå i. Kvar einaste dag, til alle tider.

**Solveig Fiske**  
**Hamar biskop**



*I all sin glans nu stråler solen*

I all sin glans nu stråler solen,  
livslyst over nådestolen,  
nu er det pinseliljetid,  
nu har vi sommer lys og blid,  
nu spår oss mer enn englerøst  
i Jesu navn en gyllen høst!

Den korte natt som jorden svaler,  
er fylt med sang av nattergaler,  
og alt hva Herren kaller sitt,  
kan slumre søtt og våkne blidt,  
kan drømme skjønt om paradiset  
og våkne til vår Herres pris.

*Framsida: Øye Stavkyrkje er gjort klar for gudsteneste, april 2020. Foto: Ingrid Wigdel*

#### VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord  
Kyrkjetenar: Ola Bøland  
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark  
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no

#### HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300  
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid  
Kyrkjetenar: Tore Hovda  
Kyrkjevevjerje: Håkon Berge  
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen  
steinar.froyen@gmail.com

#### ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715  
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland

#### HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350  
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie  
Kyrkjetenar: Andris Veflen  
Kyrkjevevjerje: Andris Kjøs  
Soknerådsleiar:  
Marta Bjørnøy Lalim  
martalalim@gmail.com

#### ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135  
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland  
Kyrkjetenar: Olav Bøland  
Kyrkjevevjerje: Ove Trøen  
Soknerådsleiar: Torild Øye  
torild1707@gmail.com

#### TILSETTE:

Sokneprest:  
Ingebjørg Vik Laugaland  
Tlf. 926 53 320  
e-post: il597@kirken.no  
Kontakttid på Drengestøga:  
tirsdag til fredag kl. 09.00-15.00.

Kyrkjekontoret på Kommunehuset  
Dagleg leiar: Guro Hovda  
Tlf: 61 36 95 90  
e-post: gh575@kirken.no  
Kontortid man-tor 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Būdvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:  
Nils Bjarne Wangensteen  
Tlf: 926 67 124

Felles e-post: post.vang@kirken.no

Neste Menighetsblad utkommer uke 43, frist for innsending av tekst og bilder er 30. september 2020. Bidrag sendes på -post til [vangmenighetsblad@gmail.com](mailto:vangmenighetsblad@gmail.com)



### Hjemmekontor

Hjemmekontor er fint! Jeg kan knipse på «kelneren» og be om at lunsjen serveres kl. 11. 30, be om en liten kaffekopp og en sjokoladebit når jeg får lyst på det, og kan slå av PCen når middagslukta brer seg i huset. Det høres flott ut, men egentlig er det litt kaotisk.

Vi som har kontor på kommunehuset er bedt om å jobbe hjemme mest mulig, men alle papirer var på kontoret, posten kommer dit og fakturaer skal anvises og leveres på kommunekassa. Så noen turer innom kontoret har det likevel blitt.

Jeg har fått testa særlig to ting:

Arbeidsdisiplin - det er mye man kan gjøre hjemme, som ikke har noe med jobb å gjøre, og tidsbegrensing - arbeidet ligger på bordet i stua og venter, men når arbeidsdagen egentlig er slutt er det veldig lett å sette seg ved PCen igjen. Skal bare... må huske... Det har vært god læringstid, og jeg er blitt ganske strukturert på begge deler.

### Kontormedarbeider

Fellesrådet har lenge jobba for å styrke administrasjonen på kirkekontoret, og nå blir det en løsning. En 50 % stilling er utlyst med søknadsfrist 1. juni, så når dette leses er vel ansettelsen gjort. Kirkevergestillingen er på bare 60 %, og det er mye som skal rekkes innenfor den stillingen. I tillegg har vi 20% stilling (lagt til kirkevergestillingen) som er administrativ hjelp for soknerådene og soknepresten. Mange tenker at vi er jo så liten kommune og ikke så mange innbyggere, så kan det være nødvendig med så mye administrasjon?

Svaret er JA.

Vi har seks kirker og fire kirkegårder som skal følges opp og vedlikeholdes, vi har små stillinger men mange ansatte, - og de skal tas vare på fullt ut, ikke bare i 6 % og 8,5 %. Vi skal forholde oss til lover og regler som alle andre, og det er bare størrelsen på tallene som er mindre enn i de store kommunene. Dessuten er vi sårbare ved ev sjukdom når bare en (jeg) kan det som må gjøres. Så dette ser jeg fram til!



Vi får tre kontor etter hverandre, så når kommunehuset blir tilgjengelig for alle igjen finner du organist Artur, kontormedarbeideren og meg på rekke og rad.

### Kirkegårdene

Det er en utfordring når alt gress vokser like fort alle steder, og ressursene ikke strekker til. Denne sommeren prøver vi å øke kapasiteten på gressklipping på kirkegårdene, med ekstra mannskap i de periodene det vokser mest. Jeg håper dere opplever bedre vedlikehold, men ber dere ta kontakt med meg (4126 5178) hvis dere ser noe jeg bør vite om. Jeg setter pris på direkte kontakt!

Jeg ønsker alle en riktig god sommer!

Guro Hovda

## Kjære alle lesarar

Sumaren er i anmarsj og etter ein lang og kald vår med ein koronapandemi hengande over oss, er det no godt å kjenne på varmen og den fine, lyse årstida. Sidan påske har samfunnet gradvis vorte opna opp att. Barnehagen og skulen er i gang att, nokre fritidsaktivitetar startar opp og med gode smitteverntiltak er vangssamfunnet meir tilbake til det normale.

Det er på ny mogleg for nærmaste familie å besøke sine på institusjonane og hyttefolket er tilbake på hyttene sine.

I denne perioden har kommuneleiinga hatt møter med Ungdomsrådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet og med Tyn Filefjell Hytteforum for å nemne nokre. Alle har kome med konstruktive tilbakemeldingar på korleis Vang kommune har takla denne situasjonen.



Foto Roy Myrland/www.langsveien.no

Me takkar for alle innspel frå dei og andre, og tek dette med oss for å gjere tenestene våre og informasjonen frå kommunen enno betre. Viktig også å takke alle som har stått på i kommunen

for å gjere det beste ut av situasjonen. Eg vil få ynskje alle ein fin sommar!

Vidar Eltun, Ordførar

# Påskebodskapet i koronaens tid

frå avisa Valdres 4. april 2020

Kyrkjene i landet er stengt. Berre ved bryllaup, dåp og gravferder blir døra opna på gløtt for å sleppe eit avgrensa tal av dei næraste inn. Og no står ei kyrkjeleg høgtid og bankar på.

Kva gjer ein då? Jau, i Vang har prest Ingebjørg i lag med kreative sjeler funne ei løysing - internett-gudsteneste. Måndag var dugnadsgjengen samla ved Øye stavkyrkje for å gjera opptak av fem av gudstenestene som var oppsett i påskeprogrammet.

## Strøyming på Facebook

– Dette starta vel eigentleg då me måtte avlyse ei dåpsgudsteneste som var planlagt inne på Eidsbugarden hjå Solbjørg, fortel sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland.

– Saman med nokre nære vener dukka ideen opp om å strøyme gudstenestene på Facebooksida vår - «Kyrkja i Vang». Tida frå tanke til handling var ikkje lang, og søndag 22. mars heldt eg mi fyrste gudsteneste i friluft direkte på Facebook, med utsyn mot vangsbygda og Grindadn.

Hovudpersonar: Linn Marie Haram med tverrfløyte og sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland sørgjer for årets påskebodskap i Vang.

## Gode hjelparar

– Tilbakemeldingane var over all forventning, me registrerte at heile 2 400 hadde vore inne og sett på, strålar Ingebjørg som ikkje kan få fullrost sine gode medhjelparar.

– Utan deira entusiasme og gode dugnadsinnsats, hadde ikkje dette gått.

Denne måndagen er dei alle i sving i og rundt den gamle stavkyrkja i Øye. Guro Hovda, dagleg leiar i Vang kyrkjelege fellesråd, fungerer som koordinator og tilretteleggjar, Ragnhild Lund styrer med videoopptaka, Ingrid Wigdel sørgjer for godt lys inne i det mørke kyrkjerommet, Linn Marie Haram spelar på tverrfløyte, kyrkjetenar Olav Bøland hjelper til der det trengst og klokkarar i dei ulike kyrkjene kjem innom til «sine» gudstenester. Og soknerådet i Øye stiller med pizza frå Saras kafé, og tilbyr

husrom i servicebygget på andre sida av E16.

## Påskebodskapet via nettet

Ragnhild Lund som styrer med regi og opptak, fortel at dei fem gudstenestene vil bli lagt på YouTube, og derifrå linka til Facebooksida «Kyrkja i Vang» ved dei tidspunkta gudstenestene er sett opp. Til dette får ho god hjelp av dotter si, Aurora. Ho sit i Oslo og styrer med dette.

– Og, seier Ragnhild, - gudstenestene blir liggande på Facebooksida, så om det oppsette tidspunktet ikkje passar, kan dei sjåast når som helst i etterkant.

## Forkorta versjonar

Både Ragnhild Lund og Ingebjørg Vik Laugaland presiserer at det er forkorta versjonar av dei ordinære gudstenestene som blir lagt ut.

– Me fokuserer på hovudbodskapet, og får i tillegg med litt song og musikk. Kyrkjerommet i stavkyrkja skapar ei spesiell stemning - ikkje minst med Ingrid Wigdel si fargelyssetting – og me håpar gudstenestene via nettet kan hjelpe litt i ei vanskeleg tid, avsluttar dei.

Tekst/foto: Nils Rogn





# Kyrkja i koronatida

Vi er godt inne i koronatida, og kvar-dagane har vorte ganske annleis for oss alle etter 12. mars. Eg tenker ofte: korleis hadde dette vore om vi ikkje hadde hatt digitale løysingar? Noko kunne vi om dette, men vi har og lært mykje nytt. «Kyrkjene opnar att», høyrer vi i div. media, men; kyrkjene i Vang har vore opne, - berre på ein litt annan måte. Sjå her:

## Gudstenester

I starten visste vi lite om korleis vi skulle vere kyrkje utan at vi kunne møtast. Det vart snart klart at vi ville legge ut korte gudstenester på kyrkja si facebookside, og allereie 22. mars var vi på lufta med utandørsfilming med gode hjelparar, og kunne sende ut ei kort gudsteneste. Alle påskekudstenestene vart filma i Øye stavkyrkje og lagt ut, med god hjelp frå lokale krefter og nydeleg fløytemusikk av Linn Marie Haram. Etter påske er korte gudstenester filma i dei kyrkjene dei var planlagt. Vi ser at kvaliteten ikkje alltid er maksimal, men vi gjer dette med dei ressursar vi har, og vi ser og at mange har sett på og likt dette. Det er kjekt med gode tilbakemeldingar.

I skrivande stund har vi lov å opne kyrkja for inntil 50 menneske, dersom vi kan halde 1m avstand. Antalet vil truleg endre seg, men avstanden blir nok gjeldande lenge. Dei tilsette får opplæring i smittevern, sokneråda vedtek smittevernplanar, og då har vi alle ansvar for å ta omsyn til desse reglane. Det er oppslag i alle våpenhus, så gjer deg kjent med det. Her er nokre viktige punkt:

- Det står handsprit i alle våpenhus, - bruk det.
- Hald avstand til kvarandre, minst 1 m, også på veg inn og ut av kyrkja.
- Alle som er i kyrkja blir registrert med namn i tilfelle smittesporing. Lista blir oppbevart i safe i 10 dagar, før den blir makulert.

## Salmar og musikk

Heile denne tida har organist Artur og kona Jovita lagt ut salmar og musikk nesten kvar dag. Etter kvart vart dette lagt på ei eiga side: Salmer og musikk frå Kyrkja i Vang.

## Trusopplæring

Vi hadde planlagt mange trusopplæringsaktivitetar denne våren, men vi måtte finne andre løysingar. Fleire familiar som skulle døype barna sine har venta til fleire kunne delta i kyrkja, så no framover er det fleire på gang. Anne, Artur og Jovita har hatt baby-song på facebook, og dermed fekk mange andre høve til å vere med på dette.

**7-åringar** som skulle på påskevandring fekk i staden ei aktivitetsbok i postkassa.

**Tårnagentar** har fått bøff og lupe i postkassa, og vore agentar på skattejakt ved kyrkjene.

**12-åringane** har fått biblar og sett inn register i dei heime, - saman med Ingebjørg, Emilie og Frida på facebook.

**Konfirmasjonane** er flytta til 2021, men konfirmantane møtest att i Drengestøga no for å avslutte førebuingane denne våren.

## Konfirmantar 2020

På grunn av koronasituasjonen vart det behov for å vurdere om det var mogleg å gjennomføre konfirmasjonar med mange i kyrkja og i selskap i vår. For å kunne planlegge feiringa bestemte

sokneråda, i samråd med soknepresten og konfirmantfamiliane, at dei er utsett til våren 2021, men med opning for å gjennomføre enkeltvis konfirmasjon i haust, dersom det er ønskeleg.

## Kyrkjegardsdugnader

Utan ein triveleg prat i arbeidet og i kaffipausa vart dugnadene på kyrkjegardane også annleis. Likevel har mange stilt opp og arbeidet har vorte gjort, så takk til alle som bidrog også i år, både tilsette og andre.

## Utilgjengelege kontor

Kyrkjekontoret (og heile kommunehuset) har vore stengt, så eg har hatt heimekontor for det meste. Prestekontoret har og vore stengt, men Ingebjørg har jobba noko der og noko heime. Vi har hatt mykje å gjere for å følgje opp all informasjon, vi har stadige møter på Teams og telefonen er flittig i bruk.

Framtida veit vi ingenting om, men vi veit er at det ikkje blir som før. Kanskje var det bra at vi måtte sjå på nye måtar å drive kyrkja i Vang på.

Guro Hovda



## Ein varm og fin samtale

Rask respons, riktig utstyr og stor arbeidsinnsats frå Grindaheim Røde Kors har vore viktig for å halde kontroll på koronasituasjonen i Valdres. Dette fekk kronprinsparet høyre meir om av leiar for hjelpekorpsset Bjørn Olav Søndrol onsdag.

– Eg blir så imponert over korleis dykk har kasta dykk rundt og og bidreg til denne viktige dugnaden, sa Kronprinsesse Mette Marit direkte til Bjørn Olav etter å ha brukt dei ti fyrste minutta av nettmøtet på situasjonen i Vang og Valdres.

Det var kronprinsparet sjølv som tok initiativ til samtalen i dag. Kongehuset har eit langt forhold til Røde Kors og Mette Marit er den høgste verja for Røde Kors i Noreg.

– Ein merka dei bryr seg. Det var ein varm og fin samtale og kronprinsessa engasjerte seg og stilte mange spørsmål. Eg tykkjer det er eit fint dei tek initiativ til dette og syner at dei setter pris på den vanvittige dugnadsinnsatsen, fortel Søndrol i etterkant av praten.

### – Godt samarbeid

Frå 2. mars har test-senteret i Røde Kors-huset i Lundsmarka i Vang sentrum vore operativt. Her er det pensjonert kommuneoverlege Sidsel Offergaard Jevne som har leia testinga med hjelp frå frivillige frå Røde Kors.



– Dei som skal verte testa kjem køyrande inn her i tur og orden, stoppar utanfor døra her og vert testa gjennom bilvindaugget. Er folk for sjuke kan vi også køyre ut til dei med beredskapsambulansen vår, fortalde Søndrol.

Sikkerheit står øvst på agendaen heile tida då smitte på helsepersonell og frivillige både er personleg risiko og sær negativt for beredskapen.

– Det har vore eit framifrå samarbeid med det lokale helsevesenet. Både opplæringa og tilgangen på smittevern-utstyr har vore på stell og eg lyt rette stor takk til kommuneoverlege Marit i Vang som har vore i framkant heile vegen.

Den nye beredskapsambulansen hjelpe-

korpsset fekk på plass tidlegare i vinter har også hatt ei viktig rolle.

### Annleis påske

Grindaheim Røde Kors har no tre lag av to personar som er i døgnberedskap på bil og testing. Elles er det to lag på ekstravakt. Det var akkurat denne kvardagen kronprinsen var ute etter å få høyre meir om.

– Det er veldig fint å kunne høyre direkte frå dei som er ute i felten korleis situasjonen er, sa kronprins Håkon.

På konkret spørsmål om påskeberedskapen, kunne Søndrol informere om at det er langt frå normale tilstandar i hyttekommunen Vang.

– Vi har ikkje vakter i Røde Kors-hytta på Filefjell i år, så det er stille og roleg på den måten. Men bortsett frå dei faste vaktene her har vi god beredskap i fleire av stølsområda i Vang. Alt i alt må eg seie eg er stolt av dei frivillige som konstant stiller opp og bidreg, avslutta Søndrol.

Hallgrim Rogn



Nettmøtet mellom Kronprinsparet og Røde Kors, der også Aile Nes og Inger Johanne Brekke deltok, i tillegg til Bjørn Olav Søndrol.



## Vang kulturskule

Vang kulturskule har hatt ei vanskeleg tid under koronaepidemien. Vi mista vår viktigaste kontakt med eleven, nemlig det å møtast ansikt til ansikt. Men eg synest mine lærarar har takla denne utfordringa på ein framifrå måte ved å setje seg inn i nettbaserte løysingar som for eks. Teams. Noko har gått retteleg bra, medan nokre få område har gått mindre bra.

Vi vonar at vi er i gang på normalt vis frå hausten av, sjølv om det ikkje er nokon garanti for dette. Vi opprettheld vårt tilbod, som de kan lese meir om på [www.vang.no](http://www.vang.no). Klikk dykk gjerne inn på Vang kulturskule sin side her under Kultur. Vår søknadsfrist er ute, men vi vurderer likevel søknadar gjennom heile året. Velkomen til ein spanande haust i Vang kulturskule!

Bileta er frå utekonserten på VBU våren 2019, der munnharpegruppa spelar og frå eit møte i Vang kommunestyre, kor Jannike Trøen Hovda spelar gitar saman med lærar Anders Daae Mæland.

Tekst/foto: Oddbjørn Skeie



## 17. mai - med bilkortesje gjennom Vang



Alle foto: Oddvin Allmenning



## Nytt fra Høre stavkyrkje

Hans Thingelstad tok seg i alle år godt av alt som hadde med Høre stavkirke å gjøre. Etter hans død ble det funnet flere gjenstander som han hadde tatt vare på. Noe av dette har nå fått sin plass i kirken. Det ble funnet to gravminner fra 1860-tallet, med usedvanlig vakkert utskåret tekst. Etter godkjenning av biskopen er disse to nå hengt opp på nordveggen i kirkeskipet.

Kai Arne Tørstad har utført arbeidet, og han skriver følgende om hvordan dette er gjort: «De er hengt opp slik at man bare kan løfte dem rett opp, så er de løse fra vegg. Plasseringen er valgt ut fra vridning, bøy/krok på både vegg og minner. De passet derfor best slik. Feste er en liten vinkelkrok i vegg, og et metallfeste med to skruer på minnene. Ved fjerning av disse, vil dette være nesten usynlig.»

Dessverre er teksten helt nederst på begge gravminnene blitt borte, men det meste er leselig og gir mening. På gravminnet som henger nærmest inngangen, står det:

Aar 1865 den 18de Februar Døde den i  
Herren hen Soven.....  
G O S Garstad han Var fød den 14de  
October 1794  
her Under Fred Med dit støv Velsignet  
Verre dit .....

På gravminnet nærmest alteret står det øverst, på tvers av lengderetningen:

En glædelig Opstandelse mig giv  
min Talsmand du på Dommedag bliv,  
og paa min Synd ikke mere tænk,  
det evige Liv mig naadig skjænk.  
På langs står det:  
Her hviler J T S Quien født 6te Mars  
1806 og .....  
1868 Fred med dit Støv Velsignet være  
dit M.....



I tillegg ble det funnet en kløvning av nyere dato, som har fått sin plass i våpenhuset. Vi har dessverre ikke funnet ut noe om opprinnelsen til kløvningen. Den er utskåret med samme runeinnskrift som finnes inni prekestolen.

Oversatt til moderne norsk står det: «Den sommeren da brødrene Elling og Audun hogg til denne kirken er Erling fa..... i Nidaros». Teksten henspiller på Erling Skakke, som falt i slaget på Kalvskinnet ved

Nidaros i 1179. Denne runeinnskriften har vært helt sentral i datering av kirken. Årringundersøkelser for omkring 20 år siden har bekreftet dette tidspunktet.

Sidsel O. Jevne





## Rapport frå Kongevegen

I desse koronatider så tenker eg at det må vera bra å ta seg ein tur ut i vår fine natur her i Vang. Då er me så heldige at tvers igjennom Vang så går kongevegen over Filefjell, og eg vonar at mange vil ta seg ein tur no til sumaren her. Det er og oppmoda frå øvste hald om å bruke Noreg som ferieland i sumar, kanskje kan vi få fleire besøkande frå andre delar av vårt land og?

I totusen og nikja fekk me ordna ein parsell ved Grøv/Øygarden på vestsida i Øvre dalen. Ein stor takk til gardbrukar Ola Grøv, som laga til denne parsellen ved å sette opp eit gjerde i ytterkanten på sitt jorde. Vi vonar Ola slepp å få fleire turistar på tunet sitt, som i villreie etter kor kongevegen gjekk hen havna der.... Ved stiftstøtta på Filefjell så har Lærdal kommune no sett opp ein kongevegsbenk, her skal det vera mogleg å kvile slitne føte etter ein lang og fin tur.

I Eidskroken i Øye så har Statens vegvesen laga til ein parkeringsplass for dei som vil gå på Kongevegen over Filefjell, dette er blitt ein flott plass med sitjeplassar, informasjonstavler og fin utsikt mot Vangsmjøse. Me oppmodar alle om å køyre hit for å parkere, for så å gå den fine turen oppover langs Kongevegen i Øvre dalen.

Oddbjørn Skeie



Egil Haugen på parkeringa i Eidskroken



Strekninga Grøv - Øygarden



### Vi les Bibelen saman

Kvar andre søndag i månaden kl.18.00 inviterer vi til bibellesing i kyrkja. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med. Vi fortset frå Markus-evangeliet og Apostelgjerningane. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje. Til slutt ber vi Fader Vår, og dette varer ein snau time.

Første samling til hausten er 13. september. Velkomen!



Benk ved Stiftstøtta

## Historien om Vangsteinen

Vi befinner oss i Vang i Valdres tusen år tilbake i tid. Det er senvinter, og vi ser en gruppe vinterkledde menn med hest og slede på vei til Skakadalsåne for å hente en stor hellestein de tidligere har kommet over. Hella er tynn, men tung og lang, og det trengs mange menn for å løfte den opp på sleden. Steinen fraktes på snøføre til høydetraget der den nye kirka er satt opp for bare noen få år siden. Steinen hogges og formes, men blir liggende til telen har gått ut av jorda. Senere på våren graves det en grop som den kan reises i. Steinen svertes opp med mindre steiner og mures opp i rett stilling. Noen tar kullbiter fra et nedbrent bål og tegner opp bilder og runer. Runene er risset inn med kniv på en trefjøl på forhånd. Billedmotivet har de på et dokument fra presten. Håndverkere finner fram meisler, og stående på krakker begynner de arbeidet med å risse inn runer og billedmotiv før det hele avsluttes med at billedmotivet fargelegges. Etter noen dager kan brødrene Gåse til slutt betrakte monumentet som forteller om en helt spesiell hending i Vangsamfunnet. Det forteller også om deres vilje og ressurser til å markere hendinga, men også om deres nye tro. Kristendommen er kommet for å ta over for den gamle gudelæren. Bildene gjør et mektig inntrykk på de som ser denne steinen. De fleste forstår kun det talte ord og kan ikke lese runeteksten, men bildene gir mening for alle. Yggdrasil er byttet ut med vintreet.

### Historisk dokument

Den svenske historieprofessoren, Birgit Sawyer, er en som forsøker å lese runesteinene som historiske dokument. Først og fremst ser jeg moten med å reise steiner som et krisesyndrom, sier Sawyer. Det er urolige og omskiftelige tider, og gamle makthavere hadde bruk for å vise sin posisjon overfor både kongemakt, kirkemakt og sambygding, mener Sawyer. Steinen er mer en statusmarkør enn en gravstein. Gunnar må også ha vært en viktig person, eller er hans død et resultat av en viktig hendelse som Gåses slekt så sterkt vil markere med denne steinen.

### Gaasedelen

Navnet Gåse er også videreført på annen måte i Vangsamfunnet. Vi kan reise bare

noen få hundremeter videre på E16 til vi kommer til gården Steinsvoll som tidligere gikk under navnet Gåsedelen. Navnet på denne gården kan da ha sitt opphav fra Gåse, og kanskje har Gåsedelen vært et gods under kirke eller kongemakt. Navnet som ender på -delen tyder også på at gården må ha vært delt fra en eventuelt større gård. Professor Gro Steinsland skriver i en artikkel om konflikten mellom kristendom og hedendom at mange hedenske høvdingar fikk sine storgårder konfiskert av misjonskongene som skaffet seg nye alliansepartnere. Slike eiendommer ble også gitt til kirken. Anders Frøholm antyder i bygdeboka om Vang at navnet kan ha referanse til nettopp Gåse, og at gården kan ha vært en del av Nørre Bø. På slutten av 1800-tallet ble gårdsnavnet endret til Steinsvoll. Gårds- og familienavnet er tatt ut av bruk i Norge, men i USA er det 47 personer som bærer etternavnet Gaasedelen. Dette er etterkommere av utvandrere med sitt opphav fra Gåsedelen i Vangsamfunnet.

### Billedmotivet

Så til slutt om selve billedmotivet på Vangsteinen. Det består av tre klart avgrensede elementer; en ranke, en løvefigur og en spiral. I og med at Ringeriksstilen er så nært knyttet til utbredelse av kristendommen og til etablering av kirkemakt, er det naturlig å mene at billedmotivet er bragt til Vang med kirkens folk og eventuelle illustrasjoner som kommer utenfra. Det kan være med illustrerte manuskripter eller gjenstander som er brukt i kirkelig sammenheng. Det er lite sannsynlig at det er Gåsebrødrene som selv har formet steinen og hogget inn motivet. Personer med makt og rettigheter hadde andre til å utføre slikt manuelt arbeid. Signe Horn Fuglesang påpeker at det er naturlig å se på den europeiske bakgrunnen for motiver som ranke, kors og løve. Ranken kan illustrere Jesu ord som sier; Jeg er vintreet, I er grenene. Ranken ender i et rosettformet kors og kan tolkes som at ranken er den kristne kirke og korset den korsfestede. Videre er løven et gammelt symbol for kongemakt, men også et maktsymbol som går langt tilbake i antikken. Vi finner løven igjen i bibelen som Judas løve. Det er interessant å merke seg at fra de tidligste

sivilisasjoner er dyr og naturfenomener brukt for å speile menneskelige egenskaper. Den lille spiralen foran løvemunnen er av James Graham Campbell tolket til å være en slange. Slangen er også et mye brukt motiv i Ringeriksstilen. Dersom vi ser hele motivet som en komposisjon kan vi da se for oss ranken som kirken og løven som kongemakten. Kongemakten kan da tolkes kom Kristus eller som landets kongemakt som troner over menneskene. Slangen som i bibelen representerer det onde, jages av den nye kongen. Eller er det den gamle overtroen som jages vekk? Spiralen har vært brukt som symbol for solhjul og sola har i førkristne religioner alltid vært forbundet med en gudskraft i. Tidligere er det få forskere som har gått inn på å tolke motivet som et rent kristent motiv. Det har for det meste vært referert til en runestein fra overgangen mellom hedendom og kristendom. I slik sammenheng har Vangsteinen fått leve litt i fred og ikke blitt vist tilstrekkelig oppmerksomhet lokalt.

### Ove Ovesen Wangenstein

Kanskje er det interessant å nevne spesielt en person som kan ha stått og betraktet Vangsteinen. Presten Ove Ovesen (prest i Vang 1682-1714) som etter hvert er ble stamfar til en meget stor slekt, tok etternavnet navnet Wangenstein. Navnet Wangenstein finner du nå igjen over store deler av Valdres og ellers i Norge. Kan det tenkes at han gjennom sin prestegjerning har latt seg inspirere av denne unike runesteinen da han vandret rundt i Vang for tre hundre år siden og til slutt valgte seg dette familienavnet. Wangen og Steen er selvsagt preget av den danske skrivemåten som var rådende på denne tiden.

### Snorre

I Snorres kongesagaer er kristningen av Valdres beskrevet som dramatisk og voldelig, men det er ikke navngitt lokale høvdingar eller lokale steder som kan bekrefte noe av denne historien. Slik sett er det kanskje bare Vangsteinen som er det eneste sikre fysiske objekt og skriftlige kilde som kan fortelle oss noe av historien om kristningen av Valdres. I dag passerer steinen av flere hundre tusen reisende hvert år uten at de kanskje reflekterer over den avgjørende kraft og



symbolske betydning som den en gang utgjorde i ei lita fjellbygd langt fra der bilder, tro og ideer oppsto. Steinen kan altså være det eneste autentiske objekt som forteller noe om overgang fra Odins og Tors verden til kristendom, og det i lang tid før de nåværende stavkirkenes ble bygget.

### Spor fra sagatiden

I Valdres er det navngitt en rekke steder med referanser til Hellige Olav som for eksempel Tingsteinen i Vestre Slidre og Olsholmen i Vang, men alle disse referansene er basert på sagn og er ikke dokumentbare kilder som for eksempel Vangsteinen. Det spesielle med Vangsteinen er også dens formgivning der den troner foran Vang kirke som et slags dragehode. Runesteinen antas å være fra første halvdel av 1000-tallet og er over to meter høy og hogget i en lokal bergart.

Kanskje representerer den fortellingen om et kristent budskap og kristentroens spede begynnelse i Valdres. Valdresamfunnet har valgt et stilisert hjerte i en noe overtolket drakestil inspirert av vikingekunst som sin markedsføringslogo. Noe å tenke over at Valdresamfunnet i dag presenterer og markedsfører seg med sin hjertelogo i dragestil tusen år etter at Vangsteinen ble reist til minne om en person ved navn Gunnar. «Gunnarr» betyr kamp eller strid, og er et av de vanligste mannsnavnene funnet i nordiske runeinskripsjoner fra vikingtiden. Det er funnet 56 runeinskripsjoner med dette navnet, men Gunnar er ikke noe kongsnavn. Det er derimot Olav og Harald. Det skulle gå mange hundreår

før Norge igjen fikk sin egen konge, men han var av dansk kongeslekt og tok navnet Håkon. Var det tilfeldig at han ikke valgte Harald eller Olav? Kong Olav og Kong Harald er oppkalt etter Olav den hellige og Harald Hårfagre. Kanskje de mest betydningsfulle kongene i vikingtiden. Og hva vet vi - muligens har hellige Olav stått ved Vangsteinen en gang i tiden på samme måte som kong Harald gjorde for noen år siden da han og dronningen besøkte Vang.

Helge Garlid

### Om Helge Garlid

*Familien og jeg hadde sju flotte år i Vangsamfunnet, og vi er alle takknemlige for det vi fikk oppleve og lære, både i jobbsammenheng, menighet og kulturliv. Vi har gode minner og fortsatt gode venner i Vang, både barna våre og Karin og jeg. Vi bor nå på Hamar og trives her, men tilbringer også mye tid i Valdres. I snart 20 år har jeg jobbet med Vangsteinen og dens historie. Etter hvert er det blitt flere titalls bøker i bokhylla om vikingtid, middelalder, symboler og kristningen av Norge. I de to siste årene som pensjonist, har jeg hatt god tid til å lese. Og jeg leser fortsatt Vang Menighetsblad og synes nok at bladet deres er langt mer spennende å lese en bladet i her Hamar.*



kosa : sunir : ristu : s(t)in : þinsi : af(t)ir : kunar : brufur:sun

## Årsmelding for Høre Sokneråd 2019

Når årsmeldingen for Kirkeåret 2019 nå skal skrives er det fint med et godt samarbeid mellom lederen for det gamle soknerådet og lederen for det nye. Jeg vil derfor benytte anledningen til å takke Sidsel Offergård Jevne for den innsatsen hun, og resten av det gamle soknerådet, har lagt ned for Høre. Det er store sko vi skal fylle, men vi skal gjøre så godt vi kan.

Kirkeåret startet med den tradisjonsrike juletreffesten. Omkring 85 deltakere, herav ca. 45 barn Veronika spilte til

allsang og juletrengang. Underholdning fra Kulturskolen. Ingebjørg organiserte barn og voksne i juleleker og fortalte en kort fortelling. Veronika og samboer Alexandra spilte sammen, piano og fiolin

I tillegg til våre vanlige gudstjenester har det blant annet vært påskevandring, høsttakkefest m.m

Vi har ordnet Tilrettelegging for rullestolbruker er gjennomført, ved at bakre benk enkelt kan fjernes.

Biskopen har godkjent at de gamle gravminnene blir hengt opp mellom vinduene på nordveggen. Det ble ordnet et beskyttelsesglass som ligger på alteret i Høre.

Kirkevalget 2019 ble gjennomført i september – samtidig med kommunevalget. Nytt sokneråd i Høre er nå godt i gang med det viktige arbeidet vi skal gjøre de neste 4 årene for Høre Sokneråd.

Marta Bjørnøy Lalim, Leiar

# Åpen samtale om tro, tvil og kirkenes oppdrag

**Knut Aastad Bråten er invitert til Vang kirke og samtale om livets store spørsmål. – Jeg er opptatt av tvilen, den store menneskelige tvilen, forteller han. Menighetsbladet tok en prat med kulturhistorikeren, folkemusikeren og redaktøren fra Fagernes.**

– Tvilen har kanskje dårlige kår, men tvilen ligger dypt i oss. Derfor må vi også anerkjenne, omslutte og bruke den til noe positivt, forteller Bråten.

Han tror mange sliter i møte med sin egen tvil:

– Tvilen har ingen status i dag. Ingen vil være han som aldri får bestemt seg, eller som dweler for lenge ved spørsmålene. I stedet skal vi være bestemte og skråsikre, kategoriske og besluttsomme, sier Bråten, som oppfordrer oss til å tvile enda mer.

– Å tvile er en styrke, vil jeg mene. Tvileren tenker ikke svart eller hvitt, men stiller spørsmål ved det bestående. Tvileren er ikke dogmatisk, men fleksibel og åpen for nye tolkninger, nye svar.

– Mange ønsker klare svar?

– Ja, det er forståelig, og veldig menneskelig, men livet består først og fremst av uendelig mange spørsmål – spørsmål som vi ikke alltid kan gi svar på. Kanskje bør vi i stedet finne hvile i undringen og spørsmålene, i stedet for alltid å lete etter de riktige svarene. Det gjelder i vår fysiske hverdag – og i våre åndelige liv.

## Nattverd

– Jeg er ingen fast kirkegjenger, men liker meg i kirken, og vil gjerne utforske kirken og min egen religiøsitet enda mer. De siste årene har jeg tatt del i nattverden, forsøkt å finne mening i

den. For meg er nattverd både symbolsk og konkret, en fysisk handling som anskueliggjør noe abstrakt, noe jeg må ta stilling til.

– Jeg har et inntrykk av at mange ikke ønsker å gå til nattverd i redsel for at de ikke tror nok. Jeg tror nordmenn mangler selvtillit i møte med sin egen åndelighet. Jeg tror forklaringen er todelte: Mange opplever at kirken stiller for høye krav til dem, at vi må leve opp til en viss standard av kristenhet. Andre igjen kvier seg for å blottlegge sin egen religiøse nysgjerrighet overfor folk de kjenner, sier Bråten.

– Selv går jeg sjelden til nattverd i Valdres, men ofte når jeg er i Oslo.

## Kirkens oppdrag

– Jeg er definitivt en religiøs vakler, han som ikke tror nok, men jeg er glad i kirken. Jeg opplever Den norske kirken som åpen og raus, liberal og inkluderende. Samtidig preges kirken av de same utfordringene som ellers i samfunnet.

– Vi opplever polarisering innenfor mange områder nå. Det gjelder betente temaer som rovdyr, klima og innvandring, men også mellom religionene og i kirken selv.

– Hvert år blir flere tusen kristne drept for livssynet sitt. Kristne blir forfulgt og drevet ut av en rekke land i Midtøsten. Her hjemme møter kirken ikke sjelden tøff motstand i den offentlige samtalen. Kirken har lav status i mange miljø – selv om et liberalt verdissyn representerer grunnbjelken og makta i kirken i dag.

Men det er håp, sier Bråten.

– Åpenhetskulturen rustet oss til å stille nye spørsmål om kirkens oppgaver



*Knut Aastad Bråten (43) er fra Fagernes. Bråten er barnebarn til skihopper Johanne Kolstad og har gjennom barndommen tilbrakte mye tid i Vang. Bråten er utdannet kulturhistoriker, og han har jobbet som redaktør i Syn og Segn. Han er folkemusiker og reisebokforfatter. Inntil nylig var han statssekretær i regjeringen Solberg.*

fremover. For meg er kirken et trygt og inkluderende værested. Kirken har mye å vinne på å vise omsorg for alle, også de som står utenfor fellesskapet, også de som aldri har følt seg hjemme i kirken. Selv mener jeg det ligger mye kraft i dette, i kirkens fredsbudskap. Dette vil jeg være med å støtte opp under.

– Bibelen sier: Du skal elske din neste som deg selv!

– Dette burde være selvsagt, men er det ikke, dessverre. Jeg ser det i min egen hverdag: Vi lever etter regelen om å være seg selv først. Dette må vi jobbe med: lære oss å tre til side, lære oss å hjelpe hverandre, vise at vi bryr oss – ikke vende folk ryggen eller late som om de ikke eksisterer.

Redaksjonen



17. mai 2020. Alle foto: Oddvin Allmenning



## Om grunnskula

Denne våren, i koronaens tid, har alle skuler i Noreg vore stengde, så også skulen i Vang. Elevane har hatt heimeskule via nett, og dei har hatt lite fridom til å vera saman med vennane sine. Å sitje heime framfor PC-en og sjå og snakke med læraren sin via skjermbilete har for mange, både elevar og lærarar, vore ei utfordring.

Skriftet «Skulen i Vang i dag – med glimt frå den nære fortid», er eit 250-års jubileumsskrift for grunnskulen i Vang, utgjeve i 1989. Der står det ein artikkel om korleis skuledagane var for ungane i 1901, altså for 119 år sida, som kan vere relevant å lesa no, når alt har vore annleis:

### Då eg gjekk i skulun

Av Lars Bøe (1894-1994)

Redaktøren har sport meg om eg vil skrive lite om då eg gjekk i barneskulun. Då er det vel høvelegast at eg skriv so nokoleine tilnærma slik so me prata i dei ti'n. Hovudsøkne i Vang va då delt i tvo skulekrinsa. Ungadn frå nørre krinse – frå nørre Kvam te o med Tunegaro – hørde te skulun på Klukkarhaugo, der Rasmus Skare va lærar, og heile sørre bygde hørde te Kattøvøl skule, med Boye Kattøvd (Skeie) so lærar. Han vart berre kalla «han Bøye» både tå unga o tå alle andre i bygd. Gjartrud Baggetun va småskulelærarinne, o småskula heldt ei tid te i gamlestøgun hjå John Myhre.

Eg begynte i skulun i 1901. Eg kan hugse at eg grudde meg te di, før det va skikk at ein skulle ha lært o lesa livevetta før ein begynte i skulun. Ho mor streva med o lære meg kunste om summaren på støle, men det gjekk svært trått. Eg lærde vel nokoleine bokstavd, men det va «o leggji saman att» so va so vanskeleg. Dei brukte stavemetodin i skulun den gønge, o va det før eksempel ordet bestemor det galdt, so sa me: «be e es / bes / te e / te / beste / em o err / mor / bestemor». Dette fekk e kji skikkeleg te. Dei hermde ette meg at eg skulle ha sagt: «Eg veit kji kost det ska gå med meg i skulun, før eg kan lesa utta, men eg kan kji lesa inna». Eg had-

de nemleg lært noko vers uttaåt. Då eg endeleg begynte i skulun, syntet seg at eg ikkji va den einaste so hadde vanska med «o leggje saman att». Det hende nok at det vart lese: «te i el / som». Men på eitt eller anna vis lærde me o lesa. Kost det gjekk te, hugsu eg kji. Ner eg tenkji på abc-boke vår o samanlikna med dei fine bøko so ungradn få no før ti'n med flotte, fargerike illustrasjon, so va det nok fattigsle. Vår bok hadde tvau belete, eitt tå ein hane o eitt tå ei jente so heitte Ingrid Sluske.

Kattøvøl skulehus, so no står ved det nye skuleanlegget, sto då like neda vegen lite synnafør Kattøvøl. Det hadde eitt skulerum o ein liten kleve. I skulerummet va det tvær rekkjo med pulta, fire eleva på kor pult, jenterekkja te vingstre o guterekkja te høgre.

Te skulemateriell hadde me ei tavle på veggen bakafor katetere, eit norgeskart o eit europakart. Te lærebøka hadde me Vogts bibelhistorie, katekisme o ei bok me kalla Spørsmålsboke. Det va ei revideret o førenkla utgåve tå Pontoppidans Forklaring til Luthers katekisme med spørsmål og svar. Andre lærebøka va ei norgeshistorie, ei naturhistorie o Horn geografi, alle på rein dansk.

Det va 24 veko skule før året, me gjengo te ankon dag, seks tima te dage, og me vøro minst tvau årskull saman i klassun. Han Bøye va ein svært dugande pedagog, difør lærde me utruleg mykji. Me løto ha ganske langa lekso. Det va kji meininge at me skulle pugge leksudn, me skulle førtelja dei med våre eigne ord. Men det vart no te di at me pugga so best me kunna, o so prøvde me o overseta det te heimemål ner me vøрто hørde. Det va kji so lett o overseta frå dansk, so heimemålet vart nok stundo ganske uppblanda.

Fyrste timin te kor dag hadde me religion, anten bibelhistorie eller eit stykkji frå Spørsmåls-boken. Me skulle kunne ordrett bude, bønidn o artikkeladn, alle med Luthers forklaring. Det va lett o gå i surr i Luthers forklaring te budo, o kanskji det va endå meir strev med Luthers forklaring te den 3. artikkel.

Skrivemateriell løto me hølde uss sjølve. Ner me rekna, so brukte me kji kladdebøka, men ei liti tavle so me skrevo på

med ein greffil. Ner me då hadde rekna eit par stykkji, strøko me det ut med hønnd eller med trøyeermen. Kanskji me løto sputte på lite før o få tavla heilt «rein».

I norsk skriftleg brukte me dansk skrivemåte, før eksempel: «Gutterne og pigerne sad paa pulterne og regnede». Eitt tå dei siste åro på skulun hugsu eg han Bøye sa at no hadde det vøрто tillate o skrive hadde i sta'n før havde. Me hadde mykji diktat, o te heimelekse va det øfto gjøførteljing. Me lærde også ein god del norsk grammatikk.

Han Bøye la stor vekt på at me skulle bli glade i sang, og ner me søngo, spelte han på salmodikon. Me lærde ei heil mengd med selma o sanga.

Ein dag om våren vøro me på skogplanting, o mykji tå dei fine skoge i bygd er det me skuleungadn so ha planta.

Det va ingin leikeplass ved skulun, me slo ball eller leikte enkort anna uti vege. Det va ingen trafikk so hindra det då. Like uttafør skulehuse va det ein skrøpeleg do (mange kalla det «kamar» i dei ti'n). Men me gutadn gjengo dit berre ner me skulle gjera noko stort. Elles stelte me uss i frikorteret inn te vegge på søsia åt skulehuse. Lite etter kort vart det nok eit merkji på vegge etter di.

Midt på dage, klokka 12, va det ei pause på ein time. Då gjekk han Bøye heim te dugurds, og då kunna det nok stundo bli lite bråk o leven, før me vøro kji berre snille unga den gønge heldan, og det hende nok at det va lite mobbing då med. Men elles gjengo dagadn o dei sjau åre jamt o roleg. Te slutt kom eksamen med sjølve sokneprest Dybsjord som sensor. Alle elevadn vøрто hørde i alle fag. Eit viktig avsnitt i livet vårt va slutt. Eg tenkji tebakkers med glede o takk for den lærdom og dei livsverdiar me fekk med uss frå skulen hjå hono Bøye.

### Ordforklaringar:

tvau, tvær = to  
vøro (fleirtalsform) = var  
greffil = griffel (skrivereiskap for tavlene som vart brukte)  
gjengo (fleirtalsform) = gjekk  
løto (fleirtalsform) = laut

frå Ingunn Hommedal

# Gaven til Vangs menighet

## fra utflyttede vangsgjeldinger

*Søndag 24. mai 1942 sto Gjertrud Flaten frem i Vang kirke og presenterte gaven til Vangs menighet, som besto i en lysekroner, tolv lampetter og en alterduk. Hun hadde stått i spissen for en innsamlingsaksjon blant utflyttede vangsgjeldinger som ville gi noe tilbake til bygda de hadde flyttet fra.*

*Nedenfor følger den talen hun holdt i kirken denne søndagen. Den forteller det meste om innsamlingsaksjonen.*

### Kjære Vangs menighet!

Jeg har den ære og den glede å kunne gi Vangs menighet en gave i dag. Det er lysekronen i kirken her og tilsvarende lampetter; 12 stk., og den alterduken som ligger på alteret i dag. Det er fra oss utflyttede Vangsgjeldinger.

Vi kommer herop hver ferie og får nyte godt av Vangs herlige natur og blir godt mottatt av dere alle - først og fremst av våre kjære, men også av alle vi treffer sammen med. Når vi møter noen av dere, så stanser de og slår av en liten prat, om dere har det aldri så travelt. Dere er alltid elskverdige og hyggelige mot oss. For dette har vi så ofte tenkt vi skulde gjøre litt igjen, men det har omtrent blitt bare med tanken. Om nå noen av oss gir litt til et eller annet formål så monner det ikke noe. Nu da dere hadde restaurert kirken, så tenkte jeg: Nu er tiden inne til at vi kan gi en felles gave, og jeg tillot mig derfor å sende ut en liste for å se om ikke de andre syntes det samme. Og det er mig en stor glede å kunne meddele at tilslutningen blev usedvanlig stor. Men vi utflyttede Vangsgjeldinger er så spredt over hele landet - fra Kristiansand til Trondheim, at det har tatt lang tid å nå alle, men man venter ikke for lenge når man venter på en god dugurd, vet de!

I samråd med presten og menighetsrådet var det meningen vi skulde kjøpe en lysekroner i smijern, for her var jo lampetter av smijern, og smijern har jo en tid været så moderne. Vi henvendte oss derfor til Eivind Bakken(1) og fikk ham til å lage en tegning til lysekroner

av smijern. Og Eivind Bakken var villigheten selv og laget en meget bra tegning til lysekroner. At vi ikke kom til å benytte oss av den er ikke hans skyld. Jeg vil her få takke Eivind Bakken for godt utført tegning.

Men så kom hr. kirkemaler og fargekonsulent Alfred Hagn (2) herop i fjor sommer, og han sa; «Nei, de må ikke ta smijern her. Det passer i riktig gamle kirker det, eller kirker med rokokostil, men denne kirken er fra renesance tiden og har empirestil. Dessuten er her så meget gull eller forgyldt bl.a. på prekestolen, så her vil passe et lysere metal. En lysekroner i patinert messing vil være det riktige her».

Ja, der stod vi. Smijerns tegninger var sendt til snekkerene og smeen, og her var alt smijerns lampetter. Men vi spurte enda en sakkyndig og da begge sa det samme, måtte vi snu om. Og det i en fart også, for ellers hadde vi ikke fått det riktige metal. Nu fikk vi det som det skal være, helt igjennem messing, ikke bare plett og et lag utenpå, nei helt igjennem, så den er som dere ser den helt igjennem. Og jeg synes den er veldig pen og håper at dere synes det samme. Nu ser vi alle, at den passer i kirkens arkitektur og det er hovedsaken.

Må jeg så få knytte et ønske til lysekronen tilslutt. Gid rett og sandhet må lyse i bygden - i hver grend i bygden - som lysekronen i kirken.

**Så har vi alterduken.** Jeg visste vel at Vang hadde alterduk, og det pen duk også, men det er en spesiell grund til at jeg fikk laget denne. Det er som dere ser det gamle filerarbeide i julehåndklærne. Dere har en gammel, vakker skikk her oppe i Vang, og det er å henge op julehåndklæ i julen; jeg vil be dere ta vare på den skikken. Jeg kan fortelle dere, at for oss som er reist ut fra bygden, er et av de kjæreste minder vi har knyttet til julehåndklæet. Hvor festlig og høitidsstemt var det ikke, når alt var ferdig til jul og mor i skumringen julekvelden hengte op julehåndklæet. Vi barn stod da stille og andektige og så på. Når julehåndklæet var oppe, da først var julen kommet, og jeg kan ikke tenke mig en jul i Vang uten



julehåndklæ. Nu er det ikke mange igjen her oppe som kan dette vakre arbeide. Elisabeth Steile (3) er en av dem som kan det og det er da hende som har laget denne vakre alterduken. Som dere vet er mønstret i julehåndklæet 2 slags ruter og et liggende kors - et Andreas kors - et sådant kors blev apostelen Andreas korsfestet på. Så det kunde nok være brukt som motiv i alterduken, men vi vilde nu helst ha Jesu Kors som kirke-motiv, og vi spurte da Elisabeth om hun kunde greie det. Jo da, og de ser hun har også fått det nydelig til.

Et kors og en lysestake med syv lys i. Det er vel netop motiv for en alterduk. Hjertelig takk skal du ha Elisabeth for ditt storartede arbeide! Det er veldig vakkert utført!

Og jeg vil så henstille til dere unge piker i Vang og lære dette arbeide. Hekset filering har jeg kaldt det. Først og fremst for å ha det i julehåndklæet, men også til andre ting. Til mellomverk og blondrer og servietter. Det er lettere enn å hekle og meget penere. Og så er det eget for Vang. Jeg vet ikke om noen annen bygd i Norges land som har noe



lignende. Merk dere at her blir mønstret filert i bunnen. Det er det som gjør det så vakkert. Det som vi i almindelighet kaller filering, det er bare stopping det; men dette å filere mønstret i bunnen det er kunst det. Her har de anledning til å beundre dette vakre arbeide og la mig se at det kommer til ære og verdighet igjen.

Så vil jeg tilslutt takke presten og menighetsrådet for hjelp og støtte med denne gaven. Og jeg vil be menigheten ta imot den i den samme ånd som den er gitt i; i kjærlighetens ånd.

Regnskapet viser at lysekronen og lampettene ble levert av Gjortler C. P. Larsen i Oslo.

Lysekronen kostet 670 kroner. De 12 lampetten kostet 460 kroner til sammen. Elisabet Steile fikk 100 kroner i arbeidslønn for alterduken, mens tøy og garn til den samme kom på 34 kroner og 16 øre. Eivind Bakken fikk 65 kroner for sitt arbeid, Carsten Lien fikk 20 kroner og Alfred Hagn fikk 40 kroner i honorar. Inkludert lyspærer, frakt, emballasje etc. var de totale utgiftene på 1.492 kroner, og dette var også den sum Gjertrud Flaten hadde samlet inn.

(1) Eivind Bakken var Eivind Knutsson fra Bakkin (Dalsbakkinn). Han ble født i 1890 og døde i 1974. Bygdeboken sier om ham: «Var handverkslærer ymse stader, frå 1926 i Vang. Ei tid snikkarverkstad på Lillehammer. Vølte gamle ting for Maihaugen, restaurerte m.a. altertavla i Garmokyrkja. Skar brurestolar til fleire kyrkjer. Kongens forteneestmedalje 1971 og Norges Husflidslags gullmedalje». Eivind fikk kjøpt 5 dekar av innmarken på 70/1 Nordigarden Hæn i 1940 som ble utskilt samme året og fikk martrikkelnummer 70/14 Lauvstad.

(2) Alfred Obert Hagn (født 6. desember 1882 i Odda, død 1958 i Oslo) var en norsk maler, spion, forfatter og kirke-restauratør. Hagn, som var vokst opp i Stavanger, Chicago og Kristiania, het opprinnelig Hagen, men skiftet senere etternavn til Hagn. I tiden før første verdenskrig var han kunstmaler og kubist, trolig Norges første. Men han fikk liten suksess. I 1916 ble han rekruttert som spion for tysk etterretningstjeneste, men ble i 1917 arrestert av MI5 i London og dømt til døden. Han ble til slutt benådet og slapp ut av britisk fengsel i 1919. Fra 1920 til 1945 arbeidet han som kirke-



restauratør for Riksantikvaren. Under annen verdenskrig ble han medlem av NS, medlem av Kulturtinget og medhjelper for den tyske SS-organisasjonen Ahnenerbe i Norge. Etter krigen ble han dømt for landssvik.

(3) Den Elisabeth Steile som laget alterduken var datter av Ola Nilsson Bøflaten fra Berge og Guri Olsdr. Kjelvo fra Kjelvuudn u. Steile. Bygdeboken sier om henne: «Ugift, husflitsarbeid, heime saman med Berit (en søster), og stelte for den sjuke faren. Berit og Elisabet fikk leigekontrakt og dreiv plassen ut si tid». Elisabeth Steile var 4-menning med Gjertrud Flatens far, og 5-menning med hennes mor.



### Besøk våre stavkyrkjer:



#### Øye stavkyrkje:

må diverre vere stengt denne sommaren. Kyrkja er lita og trong, og den er vanskeleg å halde rein nok mtp. smittevern, men stopp gjerne ved kyrkja og «ta inn» den gode atmosfæren og utsikta ved utsida av kyrkja.



HØRE

#### Høre stavkyrkje:

20. juni - 15. august  
måndag - laurdag  
kl. 11-17.

#### Inngang i stavkyrkja:

Voksne kr. 60,-  
Barn under 16 år: gratis.  
Grupper (min. 10 personer):  
40,- pr. pers.

## Hugastølvegen – stølsveg i Vang

Endele ska e få avslutta dette mæ stølsvega i Vang. Ja, e kan kji skrive um alle, osso berre ein i åre, vilde kji bi ferige i mi leveti då mota.

Kva hadde Vang vore om det ikkje var gardsbruk og bønder her? Tja, ein anleggsveg gjennom området på grunn av kraftutbygging, muligens ein svær dam mellom Hugakøllen og Belsheimberget som gav grunnlag for uendeleg mange Gwh med rein straum. Eit ønskesenario for kraftselskap i dagens europabilite.

Men her sit eg på mitt vesle jordstykke og passsar på. Med meg har eg fortsatt mange likesinna, kalla bønder eller gardbrukarar. Dette er små og karrige bruk og fjellet måtte nyttast. Mange gardar hadde både vår/hauststøl, heimstøl og langstøl. Kanskje og fiskebu ved eit eller fleire vatn innover i fjellet.

Vi er her, takka vera våre forfedrar. Ser vi på turkartet Vang i Valdres finn vi fleire markeringar for steinalderbuplassar langsmed Tyin, og ei i området ved Sulevatnet. Det er rikeleg med fint mura dyregraver, (fangstgroper) og ledemurar (liten mur som ledar dyra inn mot fangstgropa) i våre fjellområder. Vangsteinen er ein anna del av det heile, og alle plassar vi kan snuble over cinder (slagg frå jernutvinning i myrområder) i Filefjellområdet og andre stader i Valdres. Eg har lese ein stad at Valdresmetallet frå gammalt av var kjent langt utover landegrensene for sin gode kvalitet. I tillegg har mø: Sigvat av Leirholar, Gyda på Kvie, Vinjebua på Eidsbugarden og Vinjerock, Innovangsjon, ingen koronasmitta i Vang, «mø har fått Rødølstunellen.» Heilårsveg over Filefjell og Kvamskleiva har mø hatt i lange tider!

Huff!!! Det er berre tull med deg Ivar, tenkjer du no, blanda samen både bra o gale – vilt o vetøgt, i ei røre. Litt galgenhumor og eit smil i ny og ne skadar kji nokon, er no mitt syn då. Alt eg har ramsa opp her, og meire til, er grunn til at DU og mange andre trivst og ynskjer vera her i Vang.

Stølsvegar ja: Det var/er stølar etter of-

fentleg veg både ved Tyin, Bygdin og på begge sider av Vangsmjøsa. Nokre få stølsvegar er stengde med lås, og nokre er i dag meir hytteveg enn stølsveg. Då har vi att bomvegane: inn til Gamlestøga – på Rødalen – Sanddalen – Skakadalen - Helin o Smådalen - Nørre Syndin o Langehage – Leirholshøgde - Slettefjellvegane med bla. Herredalen, Ole og Heensraudalen – Huga/Tveitastøl - ovafor Kjølrie – Kvies-Syndin – ved Sylvsミア kan du velja Baklie, Berseng, Fjellsendin eller til Kjøsaraudalen. Dette blir mange km veg som treng årleg vedlikehald, og iblant oppgradering for å tilfredsstille dagens krav.

### Ein av desse er Hugastølvegen

«År 1936 den 24 juni holdes møte på Øylo av de intreserte i stølsveien Vestli – Rogn sæter – Hugastølen.» Samtlige møtte, i tillegg møtte oppsitarane på Tveitastølen. Dei ynskte å delta i vegen opp til Rogn stølen, og så byggja sin eige derfrå til Tveitastølen. Det nyvalde styret fekk tillatelse til å seta bort vegbygging i parsellar, på akkord. Av reidskap påtok alle seg å skaffe minst ei hakke og ein spade kvar. For pliktarbeid (arb. dei sjølve skulle gjera) beslutta dei å betale dagløn med kr 3.»

25. aug. 1936: Samtlige akkordformenn ber om ein prisauke på 25 øre, til kr 1,25 pr. m ferdig veg. Styret tilbyr kr 1,30, men at dei held sprengstoff sjølve. Det blir samtidig påtala og sett stoppar for felling av skog med sprengstoff. Styret besluttar og å ta opp kassakreditt i Vang Sparebank, då statsbidraget ikkje blir utbetalt før ein fjerdedel av anlegget er godkjent av autorisert opsynsmann. I januar 1937 blir det søkt om utbetaling av halvparten av bidraget, då halve vegen er ferdig.

17. juni 1937: Vegen har fått hard medfart i vårflaumen. Det blir derfor pliktarbeid for å få den opparbeida del i farbar stand att.

20. okt 1937: «Det besluttedes å opparbeide 6 stikkrenner fra veien og opp til storsvingen.» Bidraget er no oppbrukt så vegkassa er tom, dei bestemmer seg for å ta eit lån på kr 2000,- der alle skriv under på gjeldsbeviset.

1938: Om nødvendig vil dei låne meir pengar for å ferdigstille dei påbegynte akkordar, og dei som er bortsett men ikkje oppstarta. «Videre bestemtes at pliktarbeide skal begynne mandag f.k.»

2. okt 1939: «Styret pålegges å søke om ydderligere utsettelse da det viser seg vanskelig å få veien ferdig i høst.»

30. juni 1940: «Det besluttedes å påbegynne pliktarbeidet på vanlig måte f.k. Tirsdag, den 2. juli.»

1941: Styret skal laga liste over «skyld og kreaturantal» og laga fordeling av gjeld etter før bestemte reglar. Dei skal og laga liste over dagsverk pliktarbeid. «Søndag den 17.mai 1942 var det sammenkalt til årsmøte i stølsveien, på Vangsnes.»

Frå Vestli til Rognstølen var utlegga kr 9292,15, Fintopsletten til Hugastølen kr 1671,65, minus kr 5000,- det er sikkert statsbidrag. Rest kr 5963,80 blir utligna på kvart gardsbruk etter tidlegare vedteken fordelingsprosent, og skal så gjerast om til pantelån på det enkelte bruk. Årsmøtet ynskjer så at styret søkjer om vedlikehaldsmidlar frå Anders Thunes legat. Dei bestemmer og ei avgift for å bruke vegen, med hest kr 3,- og bil kr 6,- pr tur.

Møteboka viser og at det kvart år var pliktarbeid med vedlikehald på vegen, særleg vårvatnet var eit problem.

10. juni 1946: Det vart no beslutta å bruke bil til grusing av vegen. Men, det er ikkje berre veg å halde styr på. Frå same møte finns ei liste over fordeling av utgifter med havnesak mot Aslag Lajord, Ivar Søndrol m.fl.

7. juni 1952: Det blir det utlikna kr 3,- pr. andel i vegen til dekning av buldosserarbeid, utført av Frøysland. Det er og ynskje om å søke tilleggsbidrag til utbedring/ omlegging av ein del svingar mm.

Det var Frøysland som laga vegen frå Rognstøl til Tveitastølane. Det var i 1952 eller -53, eg er ikkje heilt sikker, seier Harald Olav Jevne. Som protokollen til Hugastølvegen viser, har Frøysland hatt litt utbetring på den vegen og. Dette skjedde heilt sikkert samtidig.



Det var ikkje så lett å fløta slike maskiner den tid, som det er no i dag.

26. sept. 1953 deltok Meieribestyrelse Hagerup på stølsvegsmøte. Fylkesagronom Olav Moen stikka og berekna denne sommaren noko omlegging, søknad om tilleggsbidrag skal no ordnast. Ysteriets styre skal kalle inn folka til Hugastølvegen og stølsfolka på Langehage for å drøfte den påtenkte forbindelse mellom Hugastølen – Langehage.

1958: No er det kome traktor på sume garda; «... felles pliktarbeidsdag. De som har traktor møter med disse.»

1959: Enigheit om å sprengje fjell i «Skaret.» Boring var gjort hausten -58, og no hadde formann løfte på bulldoser til å planere sprengmassa.

1960: «Den planlagte utbedring av vegen ved Dokkestølsberget blev foreløbig usatt.» (Dokkestøl har ikkje med dokker å gjera. Navnet viser til ei døkk, ein forjupning i terrenget.) Det er no på tale å montere bom på vegen.

1961: Spørsmål frå Komuneskogen om bruk av vegen frå Storsvingen ned til riksvegen.

1962: Gravemaskina blir teken i bruk. Pliktarbeid bynar fredag 22. juni eller så fort styret kan skaffe gravemaskin. (Det var fire å velja mellom i Vang, Ola Skjefte, Ola Lokreim, Lage Gjevre og Ola A Ødegård. Truleg var det Ødegård som var med i starten, då han var frå nærområdet). 8.juli nytt møte med søknad frå ingeniør Samsing «om tillatelse til å trafikere stølsvegen fra riksveg 60 til Storsvingen for henting av masse (leire) til damanlegget ved Øyloosen.» Dette er greit berre vegen blir sett i stand etterpå.

1963: Kommuneskogen har kjørt tømmer og gjort skade på vegen. Erstatning blir utbetalt denne gong, etterkvart blir det ein årleg avgift for kommunen å bruke vegen.

1964: Bom skal monterast snarast, med sjølvbetjeningskasse.

1978: Befaring av ny veglinje på midtpartiet, frå Storsvingen og oppover.

Sommaren 1981 fekk styret eit kost-



nadsoverslag på ei ny sløyfe, nordover frå Storsvingen til dagens Storsving og så tilbake til vi råka på gamlevegen att. Sum 241 000 - og anbudsrunde vart utlyst.

Nils K Hemsing fekk denne jobben. Eg fekk så oppgåva med å laga ei kjøyrbar lei oppover mot nye Storsvingen, gjennom den og sørover til fjellet stoppa meg. Denne skulle så brukast for å få fram skogen som stod att i og rundt nye vegtraseen. Dette er bratt terreng, så nye Storsvingen måtte få ei høg skjæring på innerkant. Skogbrukssjef i Vang og Vestre Slidre, Eivind Gunnar Myhre, var og såg på arbeidet og sa at stikkinga var ca midtlinja i vegen. Med eit smil kalla han Nye-Storsvingen for Nordre sving. Der var det heldigvis fin morenemasse og store blokker som var heilt ypperleg å mure opp yttersvingen med. Etter at snøen og frosten kom vart det på ny arbeid på vegen. No var og Torstein Kvien i gang med rydding av skog. Med sin

John Deer med to-tromla vinsj og 2-4 heile stammer i kvar wire, svinga han seg beint ut skråningen 150-200m sør for storsvingen, i øvre sløyfa av nye vegen. Eg syntest dette såg nifst ut, men Torstein sa det var heilt greit, og Storsvingen vart for krapp når han hadde med heile stammer.

Sommaren -83 var den nye sløyfa på ca 900 m ferdig. Ved ferdigbefaringa sa fylkets representant: Hadde eg klart å sjå at det vart så mykje fjellarbeid ville de ikkje fått veg her, men forbindelse frå Kvies-Synden til Tveitastølane. Det hadde vorte ein lang krok for Sørre Kvam. På hausten når oppgjeret var over, var vegkassa tom. Noko var då fordelt på alle eigarane etter den alltid brukte fordelingsnykkel, og eit lån på kr 50.000 var oppretta. Vegen sine momsutgifter vart delt på dei momsregistrerte bruka etter same fordeling.

Bompengar gav og inntekt og hadde frå 1978 vore kr 100 for sesongkort og kr 10 pr. tur. Våren -83 høgda dei sesongkort til kr 150, enkelttur som før, kr 10. Årsmøte i -85 beslutta og utligne kr 11.000 på eigarane, etter den før brukte fordelingsnykkel, slik at banklånet kunne slettast. Det var så håp om å få gjort ekstra vedlikehald på vegen frå Ørnemyra og oppover denne sommaren.

Mjølketankbilen vart større og større, med dette kom behov for ny bru over Ala. Men den måtte vente til i -89, målet var då å ha den ferdig til stølsfløtinga. Vidare utbygging av ny vegtrasé var sett med i planen for nytt midtparti. Den var tenkt i ein lang slak stigning sørover før den svinga tilbake mot Ørnemyra. Kunne det finnast ei kortare og dermed billigare lei? 1986 og -87 vart brukt til planer, men ingen nye alternativ var gode nok. Siste frist for søknad om tilskot var 31.12.88, iflg. skriv frå landbrukskontoret.

14. juni 1990: Søknad om bidrag til ny veg var innvilga. Denne sløyfa var på ca 1400 m og skulle vera ferdigstilt inna 31.12.93. Møte om vegbygging bestemte å krevja inn forskudd frå vegeigarane, fyrst ca 30.000 etter same fordeling som tidlegare. Så i -92 beslutta dei å krevja inn same beløp ei gong til.

Nils K Hemsing hadde ogso her lægste anbud, og seinhaust -93 var arbeidet i gang. Det vart meir fjellarbeid enn planen tilsa. Siste del av traséen vart rydda for skog vinteren -93/- 94, og var frå Nils si side ferdig og klar for grusing omkring jonsok -94. Stølsvegen hadde fått eit års utsetjing på ferdigstilling, og litt tilleggsbidrag på grunn av mykje fjell her og.

No var dei endeleg ferdige med å køyre Brattbakken. Om bilen på tur opp stoppa her, måtte mange nedover for å klare koma i gang att. Litt opp for der dagens veg kryssar den gamle, ovafor Nye-Storsvingen, hadde dei frå gammalt ei «vasstron» så hestane kunne få drikke og kvile på turen opp. Lenger opp har vi Brattbakken, like før vi er ved Skaret (fjell på begge sider av vegen) og så kjem Ørnemyra, Dokkestølsberget og Dokkestølen (der vegen ligg 2-3m på øversida av tufta), men skogen har gjøymt det meste no.

Det som no stod att for å ha ein fullgod støls-/turistveg opp til Fintoppsetta var frå E16 til gamle Storsvingen og Ørnemyre til Fintoppsetta. 9. jan. 1995 var det stølsvegsmøte på Fossevang Hotell. Skogbrukssjef Eivind Gunnar Myhre var invitert for å diskutere tilskot som skogsveg. Kommuneskogen har og glede av denne del av vegen, sa Eivind Gunnar.

Tilsagn på tilskot kom. På møte 21. juni -96 var parsellen Ørnemyre - Fintoppsetta godkjent, og berre grusing stod att på parsellen E16 - gamle Storsvingen. Ivar Hovi gjorde ein god jobb på desse oppdraga. Hovi fekk og ta utbetringa av armene frå Fintoppsetta til Hugastøl, og Fintoppsetta til Tveitastøl. På det arbeidet var det ikkje tilskot å få, så ved årsmøte i -97 hadde vegen ca kr 10.000 i banken og 90.000 i lån.

I dag er inntekter og normale vedlikehaldsutgifter bra i takt, men ein uheldig vår med mykje vatn kan fort snu den situasjonen, seier Nils Rogn.

Dette vart kji noko spennande skriv, mest ei oppramsing av referat frå protokollane til Hugastølvegen, men du fekk kanskje noko fleire navn til terrenget oppover.

#### Det eg ynskjer med dette:

Når DU sit i bilen din på tur til ein eller anna fjelltopp, tenk på kor heldige vi alle er, at vi har bønder, og at dei treng desse vegane for drifta si. Men, utan deg og dine likesinna med bil, hadde vi bønder ikkje hatt råd til å halde vegen i den tilstand den framstår. Då hadde heller ikkje DU hatt så lett tilgang til den flotte naturen. Vi er eit lag saman, og kan vera glade for det.

#### Derfor, betal bombiletten med lett hjarta!

Ivar Hemsing

Det kjem ei ny bok no i 2020, «Bomturar», skrive av Rebecca N Strand, trykt på Skald forlag. Det er turar frå mange landsdelar, men har med to bomvegar frå Vang. Snubla over dette, Rebecca har svært positiv omtale frå vårt distrikt, og kontakten med folk her.



Alle bilda er frå sørre sløyfa, andre akkortene til Nils. Foto Nils Rogn

Nørre sløyfa ved Nye-Storsvingen, frå albumet til Ivar. På trykk på s 137 i Vangsalbumet (2019).



## Jorda rundt med barnehagen

I barnehagen pleier me jobbe med ulike tema, og i år var tema «jorda rundt.» Me hadde eit ynskje om å sjå og lære om ulike land. Korleis ser det ut der, korleis pratar dei i andre land, og korleis er det å vekse opp der..?

Det var nokre av spørsmåla me hadde i Grindagjengen, avdelinga dei eldste går på. Me kunne sjølvsgatt ikkje reise på ekte, men kreativiteten og fantasien vår kan få oss langt!

Me starta i Noreg, og Vang. Her var det blant anna elgjakt, rakfisksmaking, tur til Smådalen og Hulabakksteinen, buføring og Hugakøllen. Me var òg innom lokale segner og songar, som Vangstrollet, Riddarspranget, Langbein Rise og Tindulf Grindo.

Etter Vang, reiste me rundt i Norge. I Nord-Norge fekk me sjå nordlyset, då låg alle barna på golvet i eit mørkt rom, og i taket hadde me nordlyset på stor-skjerm. Det var magisk!

Etter Norge, reiste me til «flyplassen». Me måtte sjølvsgatt gjere oss kjend der og. Kva skjer når me skal sjekke inn bagasjen vår, kor mange flyg eit fly og kva treng me pass til? Når me hadde svar på dette, satt me oss inn i Fredheim-flyet, og var klar til å utforske verden!

Turen gjekk fyrst til Afrika. Me fekk besøk i barnehagen av ein som spelte på afrikansk trommer, og me fekk sjå tradisjonelle klede. Me fekk smake mat frå Eritrea, før turen gjekk vidare på safari. Der var det mange dyr me er glad for at me ikkje møter etter vegen når me er på tur i Vang.

Etter Afrika reiste me vidare til Australia, der me høyrde om den store branen. Me fekk sjå ekte krokodille-tenner og krokodille-skin, og me dukka ned i Great Barrier Reef.

Siste stopp var Nord- og Sør-Amerika, der me blant anna hadde karneval i kjent Rio-stil. Me skulle reist til fleire land, men med ein spesiell vår, måtte me forandre planane våre. Men me fekk igjen oppleve Vang med flotte turar i nærområdet, og så satsar me på å få reiste til dei andre landa seinare.

Anette H. Gurigard



Buføring



Hulabakksteinen



Bagasjeinnsjekk på Fredheim flyplass



Great Barrier Reef



Nordlyset

Redaksjonen  
ønsker alle lesere  
God sommer!



## Tyinkryset Fjellstue

Dæ æ stadig noko positivt o berette um her i Vang. No ha e akkurat hatt ei lengere samtale mæ ho Line Margrethe Svien. Ho hadde so mange goe or o tanka um framtie, so eg vart i godt humør e mæ! Kem det æ, seie du? Tja, denna byjenta so ha sete i telefone nepå komunehuse, o so drive mæ Tyinlam o anna uppi Øvre Dale, ja - på Sveji då. Ho æ te o mæ erende lite intriserde i dialekt, kan e førtelja de.

### Tyinkryset Fjellstue

Tyinkryset Fjellstue hadde sin start i 1957, ei familiebedrift, som dei fleste andre turistbedriftene her i Vang var for år tilbake.

No er det kome ei ny eigargruppe her. Det er JVB eiendom, Elektromontasje, Tyin vvs, Vang Grave og Transportservice og TK Bygg, alle med like eigarandeler. Dei spurde så Line om å bli dagleg leiar. Etter samtaler takka ho ja, og seier: Eg går til jobben med audmjuk haldning. Bestillinga frå eigarane er å skapa ei bedrift som gjev arbeidsplassar og positiv aktivitet i området. Det er eit opplegg eg har lyst til å vera med på, seier ho.

Line fortel med glød om alle som ynskjer å hjelpe. Lokal arbeidskraft i alle alderar, frå skuleungdom som går kokk og servitør til dei som i dag er vel vaksne men har hjulpet til i slikt arbeid før. Stille opp og hjelpe no i forkant, eller vil ta eit tak når det startar opp. Andre kjem med forslag til menyar, eller gjev bort pynteting, bilder og maleri.

Line fortel om eit heilt uopnåeleg mål, tenkjer eg, men ...kanskje ... Når folk nærmar seg Lærdal eller Fagernes, og kjenner dei kanskje bør stoppe for litt mat, så må dei berre fortseta til dei er på Tyinkryset Fjellstue. Her er dei velkomne til god lokal og heimelaga mat i behagelege omgjevnader, og med triveleg betjening.



Line har strategien klar. Maten blir f.eks. Svingermors rømmegraut og lokal speke-mat med Bjørgs heimebaka flatbrød til, eller Annys lapper med tilbehør, husets heimelaga kaker og dessertar, lam eller svin frå nærmiljøet ...


Ja, slik ramsar ho opp. Av drikke blir det frå Småvesen sin produksjon, eller alkoholfritt frå Hardangergutane, kvit eplemost eller raud, som er eple med solbær. Vin kjem mest frå Italia, men her og frå småskalaproduksjon.

Du kjem inn i ein triveleg resepsjon, og for svært mange av oss virkar det kjent sjølv om noko og er endra. Serveringsavdelinga betjener ein kafeteria – eller ein restaurantavdeling, for dei som ynskjer litt ekstra. I kjellaren er det toalett, barnerom med lego, teiknesaker, skjerm for Disney og liknande kanalar. Puben har storskjerm, her kan vi i fellesskap oppleve Norge i kamp om topplassar i idrett, eller andre store begivenheiter. Vegg i vegg eit møterom, med dansegolv

på litt av arealet, det får meg til å håpe! For år tilbake hadde Valdreskvelven spel- og dansarlag ein festkveld med folkemusikk i påska, i Tyinkryss-området.

Koronaen stoppa planene om opning til påske. Når vi no opnar, omkring 20. juni – blir det drift heile året. Her er lade-stasjon for el-bilar. Vi ynskjer at folk på begge sider av fjellet føler seg velkomne og tek opp att tradisjonar med ein tur og middag i helga. Vi vil gjerne vera til nytte for folk både ved sorg og festlege samvære - avsluttar Line Margrethe, som alltid med eit smil i heile ansiktet.

Ivar Hemsing





## Nytt frå biblioteket

Biblioteket er no ope for utlån og fjernlån. Det er komen mange nye bøker som ventar på å bli lånt! For å sleppe inn må ein ringe på dørklokka. Berre vaksne får kome inn, og det er avgrensa til fem personar om gongen.

Utover dette er det oppretta fire lesesalplassar, der ein også kan få låne datamaskin. Her må ein tinge plass på førehand.

Alle må halde seg til generelle smittevernreglar, og ikkje kome om ein er sjuk eller i karantene.

### Opningstidene er som vanleg:

Måndag kl. 15 - 19

Tysdag kl. 15 - 19

Onsdag kl. 10 - 16

Fredag kl. 12 - 16

Laurdag kl. 11 - 16

Dei som ikkje ynskjer å kome inn kan framleis bestille bøker til hentebiblioteket. Henting utanfor biblioteket mellom kl. 14 - 16, alle dagar vi har ope.

For å bestille bøker, tinge lesesalplass og viss du lurar på noko, ta kontakt med biblioteket.

Situasjonen kan framleis endre seg. Følg med på facebook-sida eller heimesida vår for oppdateringar!



### No brakar det laus med Sommarles!

Frå 1. juni til 31. august kan alle elev-ar i 1. til 7. trinn delta på den kulaste lese-kampanjen, og i år får også skulestartarane med foreldre vere med.

Sommarles er i utgangspunktet nettbasert, men det er mogleg å få lese-kort på biblioteket og delta analogt. På nettsida [www.sommarles.no](http://www.sommarles.no) kan barna lage ein brukar, registrere bøkene dei les og få poeng. Der får dei også lesetips og tilgang til den spesialskrivne forteljinga «Astrid og Asbjørn på djupt vatn» av forfattar Mari Moen Holsve.

Målet med Sommarles er at barna skal lese så mykje som mogleg i sommarferien. Barna blir premierte for

innsatsen sin med digitale trofé på profilen sin, og med fysiske premiar som kan hentast på Vang folkebibliotek. Steiner, haitenner og ammonittar er blant premiane i år som kjem rett frå havet. Dei gamle favorittane, buff og silikonarmband, er også å finne i premieeska vår. Henting av premiar må i år avtalast med biblioteket på førehand.

Sommarles er for alle - superlesarar, middels gode lesarar og dei som er i ferd med å lære seg å lese. Dei som treng hjelp treng ikkje lese sjølve, dei kan høyre på lydbøker eller lesast høgt for.

Har du spørsmål eller vil du hente premiar - kontakt biblioteket.



### Kontaktinfo:

E-post: [biblioteket@vang.kommune.no](mailto:biblioteket@vang.kommune.no)

Tlf: 613 69 426

Heimeside: [valdresbiblioteka.no](http://valdresbiblioteka.no)

## Vil du bli - eller få - ein telefonvenn?



Kven som helst kan kjenne seg isolert og åleine no for tida.

Når dei fleste av oss sit mykje heime, utan dei vanlege møteplassane å gå til, trur vi det er mange som ønskjer seg meir kontakt med andre.

Tenkjer du at det hadde vore kjekt å ha nokon å snakke med?

Eller vil du bidra med din tid, for nokon som ønskjer kontakt?

Her i Vang er det Frivilligsentralen og Grindaheim Røde Kors Omsorg som har gått saman om dette tilbodet. Frivillige telefonvenner vil koplast opp med dei som ønskjer kontakt, og ringe til faste tider - for å høyre korleis det står til, eller for å prate om heilt andre ting og få tankane litt bort frå denne unntakstilstanden. Alle telefonvenner må signere på teieplikt.

### Kontaktinfo:

E-post: [frivilligsentralen@vang.kommune.no](mailto:frivilligsentralen@vang.kommune.no)

Tlf: 46 81 64 73 Heimeside: [vang.frivilligsentral.no](http://vang.frivilligsentral.no)



# HANDELSKAMPANJEN VANG BYGGJER VANG



**Legg at kroner hjå dei næringsdrivande i Vang - sikre deg eit tilbod i framtida, varer av beste kvalitet og eit Vangsminne for livet.**

– Dette er tida for å handle! Anten det er snakk om mat, opplevingar, ferie eller varer har vi eit solid utval i bygda som både vi vangsbyggjendingar og fritidsgjester kan nytte i endå større grad, seier ordførar i Vang, Vidar Eltun.

Difor har kommunen i lag med eit samla næringsliv, engasjerte hytte-eigarar og Innovangsjon drege i gang ei lokal handelskampanje.

– I korte trekk går kampanjen ut på å gjennomføre 15 større handlar hjå lokale bedrifter i løpet av 2020. For dette får du litt ulike ting alt ettersom kvar du har brukt pengane, mens hovudpremien er ein kaffikopp produsert i begrensa opplag.

Eltun understrekar at sjølve koppen er underordna her og at det å bidra til bedriftene og få betre kjennskap til alle tilboda i Vang er hovudprioritet. Samstundes ser han på koppen som såpass gjev at han sjølv står lang fram i køa for å sikre seg ein.

- Denne skal vera eit eksklusivt minne til alle som vangsbyggjendingar og hytteeigarar strakk seg litt ekstra for sambygdingar i ei krisetid. Me bestiller 100 stk, men kjem vi i den situasjonen at det går ut 100 koppar i løpet av året så skal vi jammen få designa opp ein versjon to og bestille 100 til, forsikrar Eltun.

Du kan dokumentere med lenker til sosiale medium, opplasting av produktbilete eller kvitteringar - eller gjennom fritekst. Vi stoler på deg! Alternativt sender du ein e-post til hallgrim@vangivaldres.no med dokumentasjon.

Kampanjen varer ut 2020 og vi oppmodar samstundes alle som deler foto på Instagram om å nytte #vangivaldres.



## – Du gjer ein forskjell

Ordføraren er heilt overtydd om at ei samanslutning av bygdefolk og hyttefolk kan gjera ein forskjell for dei næringsdrivande i tida som kjem.

– Kjøper du sykkel hjå Intersport Filefjell eller kappsag hjå Montér Kvismo er du sikra god service om noko skulle skje, samstundes som du får ein konkurransedyktig pris og bidreg til å koma over likviditetskrisa som brått kom. Her kan alle gjera ein forskjell og kjøpe i bygda det som er å oppdrive i bygda.

Han har også ein ambisjon om å tømme lagra for lokalmatprodusentar og auke ordreboka for alle som driv innanfor turisme og oppleving.

- Maten er av høgare kvalitet, historia er betre og kjennskapet til både folka og verdikjeda er vel verdt å betale for. Elles er opplevingar det beste du kan gje nokon du er glad i og noko som inneheld mat, overnatting eller guiding i fjella i Vang lyt vera eit godt prov på omtanke!



## Sommaropplevingar i Vang

Innovangsjon tipsar på vangivaldres.no om ti sommartips for feriegjestar og fastbuande sommaren 2020. Av desse kan vi nemne: Gå ein bit av Kongevegen over Filfjell, la deg guide til det beste fjellfisket eller sov på ein støl. Nyttar du helst bilen kan du ta ein bomturl langs ein av dei mange flotte bomvegane i Vang, eller oppsøke bygdekultur på det nye gardsmuseet på Hermundstadhaugen eller hjå Gamle Kvam Gard. Meir info: [vangivaldres.no](http://vangivaldres.no)

## Kampanjereglar

For å få hand om koppen lyt du gjennomføre 15 kjøp hjå næringsdrivande i Vang (vi tel ikkje med ordinær daglegvarehandel. Lokalmathandel i daglegvarebutikk er med). Det er også nokre underkategoriar som sikrar meir innhald i koppen:

Fem kjøp - Lokalmat eller lokalt design/handverk = Valdres-pin

Fem kjøp - Varehandel inkludert bygghandel, hytte, frisør, velvære, sport = Vang-pin

Fem kjøp - Restaurant, kafe, overnatting/oppleving = Bonuskopp Valdres Sparebank



### Kondolanskort

Kondolanskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing  
Vang og Øye  
Sokneråd

### Kondolanskort

Kondolanskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing  
Heensåsen og Høre  
sokneråd

## Slekters Gang

**Øye sokn**

**Vigsel:**

St.Tomaskyrkja:

15.05.20: Signy Sivertsen  
og Sven Hetlevik

**Død:**

05.04.20: Solveig Marie Isaksen  
Opdal

Høre sokn:

**Døyp:**

24.05.20: Eskil Schlytter

14.06.20: Emilia Fredriksen



### Stiftinga for Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja. Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,  
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen  
eller e-post: torgeirforsminne@yahoo.no

**FRIST**  
FOR INNSENDING AV  
STOFF TIL NESTE UTGAVE  
**30. SEPTEMBER**

### Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Kvismo Sag AS	61 36 81 85
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørke Direkt, v/ Eivind Dahl	91 79 71 97	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Rogn Bil og landbruk	
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektromontasje,		Sørre Helsing	61 36 72 70
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
El-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Tyinlam	99 46 61 15
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Grindaheim Bygg &		Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	v/Jon Magnus Hjelle	
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Bunadsaum	61 36 70 37
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
Ingridesign: logo & layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Vang Rør	99 52 22 22
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Jotun Kraft AS	61 36 75 50		
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70		

## MENIGHETSBLAD FOR VANG

**Utgjevar:**

Sokneråda i Vang

**Redaksjon:**

Sidsel Offergaard Jevne, Guro Hovda,  
Ragnhild Hovda, Ivar Helsing,  
Ingebjørg Vik Laugaland.

**Redaktør:**

Ingebjørg Wigdel

vangmenighetsblad@gmail.com

**Rekneskap:**

Kyrkjeleg fellesråd

Kontonummer: 2146.30.04444

**Merk:**

Bladpengar kr. 200,- og oppover  
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

# Gudstenesteliste

## 21. juni - 3. søndag i treeiningstida

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med dåp v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Øye kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med dåp v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 23. juni - Jonsok

**Øye stavkyrkje kl. 19.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland, prost Weisser og organist Budvytis

## 28. juni – Ingen gudsteneste

## 5. juli - 5. søndag i treeiningstida

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**

Gudsteneste v/sokneprest i Årdal, Wenche Lie Lysne.

## Fredag 10. juli

**St. Tomaskyrkja kl. 19.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 12. juli - Aposteldagen

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Fredag 17. juli

**St. Tomaskyrkja kl. 19.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 19. juli - 7. søndag i treeiningstida

**Grøvtølsosen på Helin kl. 12.00**

Stølsmesse med dåp v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Fredag 24. juli

**St. Tomaskyrkja kl. 19.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 26. juli - 8. søndag i treeiningstida

**Slettefjellet kl. 19.00**

Solefallsmesse v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Følg bomvegen over Slettefjellet. Skilting ved vegen der messa skal vere.

## Fredag 31. juli

**St. Tomaskyrkja kl. 19.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 2. august – Ingen gudsteneste

## 9. august - 10. søndag i treeiningstida

**Vang kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/vikarprest og organist Budvytis

## 16. august - 11. søndag i treeiningstida

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/prost og organist Budvytis

## 23. august - 12. søndag i treeiningstida

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/Lauga og organist Budvytis

## 30. august – Ingen gudsteneste

## 6. september - Vingardssøndag

**Øye kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 13. september - 15. s. i treeiningstida

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantane v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Onsdag 16. september

**Vang kyrkje kl. 10.30**

Morgonsong v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 20. september - 16. s. i treeiningstida

**Helinåsen kl. 11.00**

Jaktmesse v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 27. september - 17. s. i treeiningstida

**Heensåsen kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 4. oktober - 18. søndag i treeiningstida

**St. Tomaskyrkja kl. 12.00**

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Onsdag 7. oktober

**Vang kyrkje kl. 10.30**

Morgonsong v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 11. oktober - 19. søndag i treeiningstida

**Øye kyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebøker til 4- og 6-åringane v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Vang kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebøker til 4- og 6-åringane v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 18. oktober - 20. søndag i treeiningstida

**Høre stavkyrkje kl. 11.00**

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebøker til 4- og 6-åringane v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## Heensåsen kyrkje kl. 13.00

Gudsteneste med utdeling av kyrkjebøker til 4- og 6-åringane v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

## 25. oktober – Ingen gudsteneste



## Stølsmesser

19. juli på Grøvtølsosen kl. 12.00 på Helin.

26. juli: Solefallsmesse kl. 19.00 på Slettefjellet.

På grunn av smittehindring må stølsmessene være ute uansett vær.

**FILEFJELL • Tlf: 61 36 73 46**

- har betalt denne utsendinga av  
VANG MENIGHETSBLAD